

Bondepartiregjeringa sende folk i elden og skaut dei ned attanfraa.



Etter opprit i høgrebledet «Gudbrandsdølen» sa Quisling i eit valmøte paa Veslehamar i går:

Daa eg som forsvarsminister tok upp kampen i stortinget mot dei revolusjonære partia, og peika paa undergravingsarbeidet dei har drive med stønad fraa Sovjet-samveldet, hadde eg fyre tala mi dryft saka i regjeringa og med regjeringssjefen. Han visste kva eg vilde segja, og hadde fleira gonger bede meg segja det i stortingssalen. Daa dei vart forstøkte i stortingssalen over tala, som regjeringssjefen baade visste um og samtykte i, fall Hundseid meg i ryggen paa oppmoding fraa Mo-winckel. Eg fekk avskil av statsministeren etterpaa, men daa folkemeininga viste det var eg som hadde sagt det folket vilde skulde bli sagt i dette stortinget som sat og skalv daa det merka kvar folket stod, daa bad Hundseid

Hundseid utlevarte forsvarsministeren sin for ei tale i regjeringa hadde godkjent fyreat.

Quislings lojalitet mot bondepartiet berga regjeringa i Kullmannsaka og mot Grams høgrelintrigor.
Storpolitisk sensasjonstale paa Veslehamar.

meg bli sitjande i regjeringa, og vilde senda ut fraasegner i strid med sanninga. Dette nekta eg vera med paa; til slutt gjekk eg likevel med paa aa halda fram som forsvarsminister, men den fraasegna som vart utsend hadde eg ikkje godteke.

Dette og anna har eg tagt med trass i mange oppmodingar um aa segja fraa. I andre saker og har bondepartiregjeringa sendt ein mann i elden og skote han ned attanfraa. Høgre var og med i dette spelet. Dei freista undergrava stillinga mi, dei fabrikerte sogor um at eg planla statskup. Generalsekretæren åt høgre gjekk til Hundseid og vilde ha meg burt for skuld gysjor høgre sjølv hadde laga. Det gjekk ikkje, men viljen var god.

Stortinget hadde paalagt regjeringa aa fylgja den revolusjonære rørsla her i landet med aarvake augo. Eg drog konsekvensen av dette mot Moskva-agenten kaptein Kullmann, medan høgre, bondepartiet og dei andre undergrov meg. So kravde eg at regjeringssjefen skulde gaa, men dei andre i regjeringa bad meg bli sitjande i Hundseids regjering so bondepartiet ikkje vart sprengt. Eg sat for di fleirtalet i regjeringa stod paa mi side, ikkje paa stats-

minister Hundseids side. Seinare gjekk dei laus paa meg i bondepartiet, og eg vilde ikkje vera lenger med paa humbugen.

Naar eg har skipa eit nytt parti, har det sjølv sagt gjort sitt at bondepartiet svikta. Trass i sers sterkt trykk har eg tagt med dette til no. Men naar bondepartifolk skriv og talar som paa Vestuppland, endaa dei veit betre, må eg segja fraa. Paa eit møte nyst bad partiformannen (gardbrukar Hans Rognerud) meg segja fraa um stoda mi til bondepartiet. Eg gjorde det, men han tok upp or lumma ei skriftleg fullmakt til aa segja at eg tala usanning. Likevel tagde eg til toskekapskapen. Men paa eit møte i Gjøvik spurde same mannen kvifor eg ikkje tok hatten min og gjekk fraa regjeringa. Eg svara: De veit sjølv korleis det heng i hop, eg vilde ut, men var lojal og sat. -- Eg trudde dette svaret vilde hjelpe, men kva skjer so? Stortingssmann Ørud faar ei fraasegn fraa generalsekretæren i bondepartiet (Holten) um at det Quisling har sagt ikkje er sant og prentar den i «Vestopland», som stemplar det eg sa som fri fantasi. Dei skriv dette endaa dei har alle papir som provar at det eg segjer er rett.